



Best in show: Signe Mosebø med Eino (svart) og Ann Kristin Øien med Tico (grå)

I strålende sommarvert vart elghundutstilling nummer 4 avvikla på grusbana og det vart ein stor dag for Telemark. Ein grå hannhund frå Åmot i Vinje og ein svart hannhund frå Sauland sto på bana då best in show skulle kårast og svarthunden vart utropa som den beste. Signe Mosebø var den lukkelege eigar medan Kristin Øien eigde hunden på andrelassen. Det vart stilt berre ein hund frå Uskedalen - tispera Hesjahaugens Bana i juniorklassen. Hunden er oppdretta av Dag Olav Horvei i Dimmelsvik og eigar er Svein Ottar Rørheim.

Til gjengjeld hevda den årsgamle hunden seg med bravur, vart best i klassen og kom på fjerdelassen blant tispene.

Det deltok fleire grå hundar enn vanleg på våre kantar, nemlig 9 av dei 43 innmelde

og kvaliteten på dei var slett ikkje dårleg. Men dei nådde ikkje opp mot svarhundane og om dei hadde dommaren denne karakteristikken: - Kvaliteten var veldig god, faktisk noko av det beste ein kan oppleve her i landet, sa han til uskedalen.no

Også denne gongen hadde Hordaland elghundklubb henta dommar i kjerneområdet for elghundar og tryslingen Nils-Erik Haagenrud gjennomførte jobben på ein måte som alle var tilfreds med. Hans klare og raske karakteristikkar bidrog til at utstillingen vart unnagjort på 5 timar.

Av de lokale utstillarane kan også nemnast Lars Henrik Skogtun frå Herøysund som presenterte 2 flotte valpar frå eit kull på 4. I oppdrettarklassa fann ein Leiv Trygve Varanes frå Utåker og Tore Storhaug fra Sunde, to som i høgste grad har bidrege til det høge nivået.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Svein Ottar Rørheim med Hesjahaugens Bana